



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 13.03.2018
Vår ref.: 2018/7801-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnegranskning - fråsegn - landbruksveg - gnr 62 bnr 6 og 3 - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 19.02.18 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Saka gjeld oppgradering av eksisterande landbruksveg, til landbruksvegklasse 7 - oppgitte lengde er 70 meter.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av vegen søkjer å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker av trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette strakst meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.